



Informasjon frå  
Sunnhordland  
Interkommunale  
Miljøverk IKS

1/2008

April • Årgang 15



## Rett frå dunken

### Nye renovasjonsforskrifter

Kommunane Austevoll, Bømlo, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes har vedteke nye forskrifter for innsamling av hushaldsavfall og slam. Forskriftene regulerer forholdet mellom SIM, kommunane og abonnentane og kom i kraft ved årsskiftet 2007/2008.

Forskriftene kan lastast ned frå SIM sin nettstad; [www.sim.as](http://www.sim.as) (klikk først på "Privat" og vel deretter "Publikasjonar").

### Gråsekk for ekstraavfall

Vart det ikkje plass i restavfallsdunken? Då kan ein "gråsekk" vera løysinga. Den kjøper du på kommunehuset eller miljøsentralen for kr 40.

SIM kan også senda sekken til deg.



Bente Vinsjevik Rogne og Ole Vinsjevik hadde tilhengjaren full etter rydding i garasjen.

# Velkommen på miljøsentralen

Våren er ryddetid og SIM sine miljøsentralar er klare for sesongen. Du er velkommen innom med avfall som du ikkje får plass til i bosdunken, eller som du ikkje har lov til å kvitta deg med på den måten. Leveringsprisane er dei same som i fjor.

På miljøsentralane får du også kjøpt kompostjord og plenblanding. Produkta er populære som

jordforbetningsmiddel og som topplag på grasplenar og i bed. Les meir på sistesida.

Årets ryddedugnad er kraftig utvida samanlikna med tidlegare år. Sjå midtsidene for meir informasjon.

Har du spørsmål om avfall, må du gjerne kontakta oss på tlf. 53 45 78 50, eller bruka vår nettstad; [www.sim.as](http://www.sim.as).



## Inga prisauke på miljøsentralen

Prisane for å levera avfall på SIM sine miljøsentralar er dei same i 2008 som dei to føregåande åra (kr. 100 for mengder opp til 1,5 kubikk). Dessutan kan du levera hageavfall, farleg avfall, EE-avfall, glas- og metallemballase og plastemballasje kostnadsfritt. Betaling skjer over renovasjonsgebyret.

## Slik sorterer du på miljøsentralen

- Hageavfall
- Plastemballasje og folieplast
- Papp og papir
- Trevirke
- Metall
- EE-avfall
- Kvitevarer
- Farleg avfall
- Trykkimpregnert materiale
- PCB-haldige vindauger
- Glas- og metallemballasje
- Dekk
- Restavfall

## Ta kontakt ved manglande tømning

Meld frå til SIM Transport AS (tlf. 53 45 66 00) så snart som råd er dersom dunken din ikkje er vorten tømt. Det er lettare å ordna ekstratømming når bos-bilen er i ditt område enn når den er i gang med ei anna tømmerute.

## Dunken ut til kl. 06.00

Bosdunken må vera på hente-staden kl. 06.00 på tømme-dagen for at du skal vera sikker på å få den tømt. Rutene som bos-bilane køyrer kan verta endra utan førehandsvarsel, og dermed kan også abonnentar få tidlegare tømning enn vanleg.



## 2-talet må vera godt synleg

Dei som har 2-tal på restavfallsdunken må sørjja for at talet er godt synleg. Det er 2-talet sjåføren ser etter når han skal avgjera om ein dunk skal tøm-mast eller ikkje. Er talet vanskeleg å sjå, kan det henda at dunken ikkje vert tømt. Abonnentar som har nedslite 2-tal kan få nytt ved å kontakta SIM.

# Bli med på Ryddedugnad 2008



*Solveig Vik er ein av mange som er oppteken av å ha det reint og ryddig i nærmiljøet.*

**Som vanleg på denne tida av året inviterer SIM friviljuge med på ryddedugnad. Avfallet som vert samla inn kan leverast kostnadsfritt på SIM sine miljøsentralar.**

Årets ryddedugnad er kraftig utvida samanlikna med dei føregåande. For det første varer aksjonen heile året, ikkje berre nokre veker om våren. For det andre er det råd å søkja om å få rydda område som ikkje tidlegare inn-gjekk i ryddedugnaden.

Nytt av året er også at avfallet må fraktast til ein av SIM sine miljøsentralar. Det vil ikkje bli henta av bos-bilen.

### Kven kan vera med?

Velforeiningar, burettslag og andre grupper av friviljuge som ynskjer å rydda område som andre ikkje har plikt til å rydda etter forurei-ningslova.

### Kven kan IKKJE vera med?

- Offentlege etatar, medrekna alle kommunale einingar
- Næringsverksemdar
- Arrangør av tilstelling

### Døme på område som kan ryddast

- Buområde
- Nærområde
- Turstigar
- Skogsteigar
- Strender som kommunen ikkje har ryddeavtale for

### Korleis melder ein seg på?

Bruk påmeldingsskjemaet på vår nettstad; [www.sim.as](http://www.sim.as) (klikk på "Privat" og vel deretter "Ryddedugnad 2008").

### Kva skjer etter at søknaden er sendt?

SIM avgjer først om tiltaket er innanfor føre-målet til ryddedugnaden. Dersom det er det, sender SIM bossekke til den som er ansvarleg



Påmelding:  
[www.sim.as](http://www.sim.as)

for tiltaket. Dette er spesielle, grønne sekker som kun kan nyttast i ryddedugnaden.

#### Kva kan kastast i sekkene?

Mesteparten av avfallet du finn i ryddeområdet. Grovavfall, farleg avfall og elektrisk og elektronisk avfall (EE) skal IKKJE i sekkene. Sjå [www.sim.as](http://www.sim.as) for informasjon om farleg avfall og EE-avfall.

#### Kva med skular og barnehagar som vil rydda?

Skular og barnehagar er kommunale einingar og kan ikkje vera med på denne ryddedugnaden. Men SIM kan vera med og diskutera løysingar for desse og andre som vil rydda rundt anlegga sine, eller gjera ein ryddejobb for næringslivet.

#### Er det råd å få betaling for å rydda?

Nei. SIM sitt bidrag er å ta imot avfallet og dekkja kostnadene med etterbehandling av det.

#### Kva seier forureiningslova om ryddeansvar?

Eit av hovudprinsippa i forureiningslova er at den som produserer avfallet skal betala for avfallsbehandlninga. Lova slår vidare fast at det er vegeigar som har ansvar for rydding langs veg. Den som driv *daglegvarehandel, kiosk, bensinstasjon* eller liknande skal setja opp boskorgar på sitt område, *sørgja* for at dei vert tømde og elles halda området ryddig. *Arrangør av tilstelling eller stemne* skal *sørgja* for opprydding etter arrangementet. Dersom ikkje andre eigarar/etatar har ansvar for det, skal kommunen setja opp boskorgar på utfartsstader og andre sterkt besøkte offentlege stader. Den som har ansvar for å setja opp boskorgene, skal også tømme dei og *sørgja* for at området er ryddig.

#### Usikker?

Dersom du er usikker på om ditt tiltak kjem inn under retningslinene for ryddedugnaden, sender du søknad likevel.

### Sikra avfallet ved transport

Den som fraktar avfall til miljøsentralen på tilhengjar, har ansvar for at lasta er skikkeleg sikra. Unngå at bos vert liggjande langs vegen som følgje av dårleg sikra last.

### Enkel hugserregel for plastsortering

Alle som ynskjer det, kan få tilsendt storsekker til å sortera plastemballasje i. Plastemballasjen kan leverast kostnadsfritt på SIM sine miljøsentralar.

Det gjeld ein enkel hugserregel for kva du kan putta oppi sekkene: Er plasten *emballasje*, og er den *rein* og *tørr*? Dersom du kan svara ja på *begge* spørsmåla, kan plasten gå i sekken. Dersom ikkje, er den restavfall. Sjå elles påskrift på sekkene.



### Ikkje overfyll dunkane

Bosdunken skal ikkje fyllast meir enn at loket kan lukkast, evt. at "muleband" kan knytast for sekken. Avfallet må heller ikkje pakkast tettare enn at behaldaren lett kan tømast (jmf. forskriftene).

### Dunkbyte kan ta seks veker

Det kan ta opptil seks veker før du får ny bosdunk etter at du har meldt frå at den gamle er øydelagd. Årsaka er at SIM køyrer ut nye bosdunkar i din kommune kvar sjetten veke. Dersom dette er for lenge å venta, kan du henta dunken sjølv på miljøsentralen, men då må du ringja på førehand.

### Kun for hyttekundar

SIM sine hyttekonteinrar skal kun nyttast av dei som betalar gebyr for fritidsbustad. Meld frå til SIM på tlf. 53 45 78 50 dersom konteinaren er full eller boset flyt på utsida.



Sendar:

## OFFENTLEG INFORMASJON

Sunnhordland  
Interkommunale  
Miljøverk IKS  
Svartasmoget  
N-5419 Fitjar



Erling Lie får hjelp til å lasta kompostjorda på tilhengjaren.



# Kompostjord til hagen

Akkurat no ligg det mykje grøderik kompostjord og plenblanding klar på SIM sine miljøsentralar. Det har Erling Lie i Kårevik på Stord fått med seg.

- Det er tredje året eg er i Svartasmoget for å kjøpa kompostjord.

Produktet høver godt som jordforbetningsmiddel og som topplag på grasplenar og i bed, seier han.

Kompostjorda/plenblandina kan kjøpast på alle SIM sine miljøsentralar. Prisen er kr 150 for ein liten tilhengjar, og kr 300 per

tonn for større mengder. Kunden må sjølv ha med tilhengjar.

I Svartasmoget og på Husnes er det råd å få hjelp til å lasta molda på tilhengjar. Dette kostar kr 75.

## Heimekompostering krev avtale

18 % av SIM sine abonnentar komposterer matavfallet sitt heime. Dermed slepp dei å betala gebyr for biodunken. Før du kan byrja å kompostera, må du ha gjort avtale med SIM. Avtalen får du etter å ha vist at du har kunnskapar om heimekompostering. Det kan du gjera på vår nettstad, [www.sim.as](http://www.sim.as). Du kan også be om å få eit kurs tilsendt i posten.

## Bruk innerpose i biodunken

Det kan vera lurt å bruka ein innerpose i biodunken. Det vil motverka problem med flugemakk. Posane, som kan kjøpast i daglegvarehandelen og hjå SIM, er laga av mais og kan kastast i lag med bioavfallet. Godt reinhald av dunken med spyling etter kvar tømning vil også motverka flugemakken.



## Opningstider miljøsentralane

### Austevoll, Porsdalen

Torsdag kl. 10.00 – 18.00.  
Annankvar laurdag (oddetalsveker)  
f.o.m. 1. april t.o.m. 30. september  
kl. 09.00 – 14.00.  
Pinseaftan stengt.

### Bømlo, Hollundsdalen

Tysdag og torsdag kl. 12.00 – 18.00  
Annankvar laurdag (oddetalsveker)  
f.o.m. 1. april t.o.m. 30. september  
kl. 09.00 – 14.00.  
Pinseaftan stengt.

### Fitjar og Stord, Svartasmoget

Måndag kl. 08.00 – 18.00  
Tysdag – fredag kl. 08.00 – 15.30  
Annankvar laurdag (partalsveker)  
kl. 09.00 – 14.00.  
Torsdagar f.o.m. 1. april t.o.m.  
30. september kl. 08.00–18.00.  
Julaftan og nyttårsaftan stengt.

### Kvinnherad, Husnes industriområde

Tysdag og fredag kl. 08.00 – 13.00  
Måndag og torsdag kl. 13.00 – 18.00  
Annankvar laurdag (partalsveker)  
f.o.m. 1. april t.o.m. 30. september  
kl. 09.00–14.00.

### Sveio, Sveiåsen

Måndag kl. 10.00 – 18.00  
Annankvar laurdag (oddetalsveker)  
f.o.m. 1. april t.o.m. 30. september  
kl. 09.00–14.00.  
Pinseaftan stengt.

### Tysnes, Eredalen

Tysdag kl. 10.00 – 18.00  
Annankvar laurdag (partalsveker)  
f.o.m. 1. april t.o.m. 30. september  
kl. 09.00–14.00.



**SIM**

Sunnhordland  
Interkommunale  
Miljøverk IKS  
Svartasmoget, N-5419 Fitjar  
telefon: 53 45 78 50  
telefaks: 53 45 78 60  
e-post: [sim@sim.as](mailto:sim@sim.as)  
[www.sim.as](http://www.sim.as)